



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 23.02.2023  
**Møtestad:** Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 17:15 - 19:20

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Einar Villanger	Ap
Frode Hjønnvåg	Frp
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Paul Gunnar Gullaksen	H
Silje Sulen Gullaksen	H
Paul Erling Rognsvåg	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Frøydis Rognsvåg Hansen	Ap
Ingard Kåre Kahrs	H
Jan Erling Borge	Ap
Ove Gunnar Nilsen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Hans Erik Waage	Ap
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**  
Berit Karin Rystad, Kristin Handeland

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møtebok
003/23	Referatsaker
004/23	Delegerte saker
005/23	Budsjettrullering ved årsavslutning 2022
006/23	Formidlingslån frå Husbanken 2023
007/23	Fedje kommune - mottak av flyktningar i 2023
008/23	Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte Landsbykafeen
009/23	Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte. Fedje Island AS. Pernille
010/23	17. mai 2023
011/23	Søknad om medlemskap i Bergen og omegn friluftsråd
012/23	Eventuelt
013/23	KS Debatthefte
014/23	Orienteringsak

001/23: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

**K - sak 001/23 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

002/23: Godkjenning av møtebok

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

**K - sak 002/23 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

003/23: Referatsaker

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

**K - sak 003/23 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

---

004/23: Delegerte saker

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

**K - sak 004/23 Vedtak:**

---

005/23: Budsjetttrullering ved årsavslutning 2022

**Formannskapet** 14.02.2023

**Behandling:**

**F - sak 005/23 Vedtak:**

Budsjettendringane vert vedteke jamfør oversikta i tabellane.  
Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

**K - sak 005/23 Vedtak:**

Budsjettendringane vert vedteke jamfør oversikta i tabellane.  
Samrøystes vedteke.

---

006/23: Formidlingslån frå Husbanken 2023

**Formannskapet** 14.02.2023

**Behandling:**

**F - sak 006/23 Vedtak:**

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.000.000,- (to millionar) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarende. Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

**K - sak 006/23 Vedtak:**

Fedje kommune tek opp gjeldsbrevlån, j.f. delegeringsreglementet kommunelova § 14-14, på 2.000.000,- (to millionar) i Husbanken for vidare utlån etter Husbankens reglar for startlån. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarende. Samrøystes vedteke.

---

007/23: Fedje kommune - mottak av flyktningar i 2023

**Formannskapet** 14.02.2023

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Kommunestyret vedtek å ta i mot 10 flyktningar i 2023.

**Behandling:**

**F - sak 008/23 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å ta i mot 10 flyktningar i 2023.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret 23.02.2023**

**Behandling:**

**K - sak 007/23 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å ta i mot 10 flyktningar i 2023  
Samrøystes vedteke.

---

008/23: Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte Landsbykafeen

**Formannskapet 14.02.2023**

**Behandling:**

**F - sak 011/23 Vedtak:**

Fedje Island AS får ikkje fritak frå kravet om avløyser for skjenkeløyvet dei søker om i lokala i Stormarkvegen 4. Landsbykafeen. Fedje Island AS får avslag på søknad om skjenkeløyve for Landsbykafeen, grunna manglande avløyser til skjenkeløyvet.

Fedje Island AS kan dersom dei leverer inn namn og dokumentasjon på avløyser driva på tidlegare eigar Arild Mjelstad sitt skjenkeløyve fram til 15.04.23. Vert det ikkje vert levert inn namn og dokumentasjon på avløyser, vil skjenkeløyve til tidlegare eigar opphøyra den 15.03.2023.

Vert det levert inn namn og dokumentasjon på avløyser, då vil søknaden verta behandla på nytt i kommunestyremøte 27.04.2023. Det betyr at Fedje Island AS vil vera utan skjenkeløyve frå og med den 16.04.2023 og inn til eventuelt nytt løyve er vedteke.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret 23.02.2023**

**Behandling:**

Ut frå nye opplysningar i saka, der det kjem fram at daglig leiar i Fedje Island AS treng meir tid for å få oversikt over personar som det skal søkjast skjenkeløyve for. Ordførar Stian Herøy (H) fremja forslag om å utsetje saka til kommunestyremøtet i april.

**K - sak 008/23 Vedtak:**

Saka vert utsett.  
Samrøystes vedteke.

---

009/23: Søknad om skjenkeløyve grunna eigarskifte. Fedje Island AS. Pernille

**Formannskapet** 14.02.2023

**Behandling:**

**F - sak 012/23 Vedtak:**

Fedje Island AS får skjenkeløyve i lokala i Muren 4, Pernille. Løyvet har følgjande skjenketider:  
Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00  
Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.  
Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.  
Skjenkeløyvet er tråd med innlevert planteikning, inne i lokala til Pernille i Muren 4 – og på avgrensa og oppmerka område ute.  
Løyvet gjeld frå 24.02.2023 til og med 30.09.2024.  
Styrar for løyvet er Arild Mjelstad og avløyser er Sue Janne Alsaker.

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fylgjande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny"...

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

Ut frå nye opplysningar i saka, der det kjem fram at dalglig leiar i Fedje Island AS treng meir tid for å få oversikt over personar som det skal søkjast skjenkeløyve for. Ordførar Stian Herøy (H) fremja forslag om å utsetje saka til kommunestyremøtet i april.

**K - sak 009/23 Vedtak:**

Saka vert utsett.  
Samrøystes vedteke.

---

010/23: 17. mai 2023

## **Kommunestyret 23.02.2023**

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

17.mai-komiteen på Fedje består av foreldrerepresentantar frå 4.klasse, 8.klasse på Fedje skule.

Representantane veljast inn for eit år av gongen, med unntak av fire representantar frå kommunestyret, som har ein valperiode på 4 år. Dei representantane er ordførar, varaordførar og to andre representantar frå kommunestyret. Ordførar er leiar av 17.mai-komiteen og kallar kvart år inn til møte.

Komiteen jobbar med planlegging av nasjonaldagen og vervet er ulønna. Dei jobbar med alt frå organisering av dagen, kransenedlegging, aktivitetar for born og unge, mat og kulturtimen. Det er eit tett samarbeid med relevante aktørar og kommunen. 17.mai-komiteen sitt mål er å skape ein best mogleg nasjonaldag for alle som feirar på Fedje!

Fedje kommune er ansvarleg for økonomien.

Forslag til vedtak, foreslått av Stian Herøy, Høgre

17 mai komiteen på Fedje består av foreldra til 4 og 8 klasse samt kommunestyret. Ordførar er leiar av komiteen.

### **Behandling:**

Forslaga vart sett opp mot kvarandere i avrøystinga.

### **K - sak 010/23 Vedtak:**

17.mai-komiteen på Fedje består av foreldrerepresentantar frå 4.klasse, 8.klasse på Fedje skule.

Representantane veljast inn for eit år av gongen, med unntak av fire representantar frå kommunestyret, som har ein valperiode på 4 år. Dei representantane er ordførar, varaordførar og to andre representantar frå kommunestyret. Ordførar er leiar av 17.mai-komiteen og kallar kvart år inn til møte.

Komiteen jobbar med planlegging av nasjonaldagen og vervet er ulønna. Dei jobbar med alt frå organisering av dagen, kransenedlegging, aktivitetar for born og unge, mat og kulturtimen. Det er eit tett samarbeid med relevante aktørar og kommunen. 17.mai-komiteen sitt mål er å skape ein best mogleg nasjonaldag for alle som feirar på Fedje!

Fedje kommune er ansvarleg for økonomien.

Vedteke med 11 røyster.

Stian Herøy (H), Ove Nilsen (H) , Marit Slbakk Øien (Frp) og Bjørn Solbakk (Frp) røysta for forslaget framsett av Stian Herøy (H).

---



011/23: Søknad om medlemskap i Bergen og omegn friluftsråd

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

**K - sak 011/23 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å søkje medlemskap i Bergen og omland friluftsråd  
Samrøystes vedteke.

---

012/23: Eventuelt

**Kommunestyret** 23.02.2023

**Behandling:**

Forslag frå Bjørn Solbakk (Frp)  
Sosialiseringsgård til hunder.

I kommunen vår er det mange innbyggjara som har hund. Hunder har behov for å vere i aktivitet og dei treng å sosialisera med andre hunder. Ikkje alle har mulighet til å la hunden springe fritt i hagen eller ute på ein gårdsplass. For at hundane skal få ein mulighet til å vere saman med andre hunder i sosialisering og leik, er det derfor behov for eit inngjerda område her i kommunen. Eg har sett på eit område som eg trur kan passe godt til dette. Området er nordre del av fotballbana der tidlegare skaterampe var. Eg har forstått det slik at det kan kome andre planar om bruk av dette området. Mitt forslag er meint som eit midlertidig tilbud til eventuelt plan for anna bruk av området blir iverksett. Halve området er allereide inngjerda, så då trengst det ca berre 50m med nytt gjerde og ein port. Sidan det er eit kommunalt område, ønsker eg at administrasjonen skal sjå på muligheten for å få dette til, innhente pris og utarbeide ein sak inn til kommunestyre

Kommunedirektøren orienterte om den juridiske betraktning frå KS om nøkkel ordning i symjehallen.

**K - sak 012/23 Vedtak:**

Det vart ikkje fatta vedtak.

---

013/23: KS Debatthefte

**Kommunestyret 23.02.2023**

**Behandling:**

Forslag frå Kamilla B K Karlsen (Ap) om at KS Debatthefta vart sett på sakskartet. Ordførar tok saka til votering, Kommunelova § 11-3. Kommunestyret vedtok samrøystes at saka skulle inn på sakskartet i møtet i dag.

Spørsmål frå KS:

1. Bør den økonomiske rammene i mellomoppgjøret i 2023 forhandles sentralt eller lokalt?

Forslag frå Kamilla B K Karlsen (Ap) Fedje kommune ynskjer mest mogleg vert forhandla sentralt.

Forslag frå Stian Herøy (H) ynskjer at mest mogleg vert forhandla lokalt.

3. Skal KS prioritere enkeltgrupper i forhandlingane sentralt.

Uttale på spørsmål 3: Forslag frå Kamilla B K Karlsen (Ap) Fedje kommune vil at KS skal prioritera yrkesgrupper sentralt. Forslag frå Stian Herøy (H) Fedje kommune ynskjer ikkje at KS sentralt skal prioritera yrkesgrupper sentralt.

Forslag frå Kamilla B K Karlsen (Ap) yrkesgrupper som KS skal prioritera: Fedje kommune ønskjer å prioritere er sjukepleiarar, lærarar, barnehagelærarar, fagarbeidarar og psykologar.

**K - sak 013/23 Vedtak:**

Uttale på spørsmål 1 : Fedje kommune ynskjer at mest mogleg vert forhandla lokalt. Vedteke 10 mot 5 røyster. Kamilla B K Karlsen (Ap), Gidske Borge Kolltveit (Ap), Anna Marit Storemark (Ap), Jan Erling Borge (Ap), Frøydis Rognsvåg Hansen (Ap) røysta for forslag framsett av Kamilla B K Karlsen (Ap)

Uttale på spørsmål 3: Fedje kommune vil at KS skal prioritera yrkesgrupper sentralt, Vedteke med 11 røyster. Stian Herøy (H) Paul Rognsvåg (H), Bjørn Solbakk (Frp), Marit Solbakk Øien (Frp) Frode Hjørnevåg (Frp) og Einar Villanger (Ap) røysta for forslag framsett av Stian Herøy (H).

Fedje kommune ønskjer å prioritere er sjukepleiarar, lærarar, barnehagelærarar, fagarbeidarar og psykologar. Vedteke 9 mot 6 røyster. Paul Rognsvåg (H), Ove Nilsen (H) Ingar Kahrs (H) Bjørn Solbakk (Frp) Marit Solbakk Øien (Frp) Frode Hjørnevåg (Frp) røysta imot forslaget.

-----  
014/23: Orienteringsak

**Kommunestyret 23.02.2023**

**Behandling:**

**K - sak 014/23 Vedtak:**

Kommunestyret vart lukka etter KommuneLOVA § 11-5.  
Orienteringsak frå kommunedirektøren.

---